

ÅRSMØTE

I NORDMØRE SPELMANNSLAG, SØNDAG 7. MARS 2010, KL. 1700 PÅ HALSA SKULE

14 til stades.

SAK 1 ØPNING

Leiar Magnar Almberg opna møtet og ønskte alle vel møtt. Det kom ikkje fram innvendingar til innkalling eller sakliste, og møtet vart dermed sett og konstituert slik:

Møteleiar: Magnar Almberg
Sekretær: Arnstein Brevik
Til å skrive under møteboka: Åsta Andreassen og Jon Grimsmo.

SAK 2 ÅRSMELDING

Magnar gjekk gjennom forslaget til årsmelding for 2009. Etter at nokre små trykkfeil var retta opp, vart årsmeldinga samrøystes godkjend.

SAK 3 REKNESKAP

Kasserar Peder Hønsvik gjekk gjennom rekneskapan for 2009. Det kom fram at det var eit lite overskot på kr. 395,16 for året. Dette kunne godt ha vore større, men forklaringa ligg i at ein del inntektspostar ikkje kunne bokførast før i 2010, og at nokre utgifter har ”hopa seg opp” i 2009. Balansen pr. 31.12.2009 var på kr. 9 972, 68. Rekneskapan var elles revidert, og revisorane rådde årsmøtet til å godkjenne rekneskapan. Etter ein runde med spørsmål og kommentarar, vart rekneskapan samrøystes fastsett som framlagt.

SAK 4 INNKOMNE SAKER

Under dette punktet vart framlegg til nye reglar/kjøreplan for kappleikar teke opp. Daniel Dyrnes gjekk gjennom framlegget frå fylkeslaget.

Årsmøtet samla seg om følgjande uttale:

Nordmøre spelmannslag synest det er ein sær god tanke å leggje tevlingane i lagspel på Fylkeskappleiken til laurdagskvelden og gjennomføre det i samband med dansespelet. Laga stiller da opp med fem slåttar. Når det gjeld spørsmålet om ein deltakar kan representere meir enn eitt lag på same instrument, ser ein for seg at dette kan handterast lempeleg og etter beste skjønn dei gongane spørsmålet måtte dukke opp.

SAK 5 ARBEIDSPROGRAM

Musikalsk leiar Helge Husby har utarbeidd eit forslag til aktivitetsplan fram til sommaren 2011. Utkastet har vore drøfta i styret som slutta seg til hovudpunkta og rådde årsmøtet til å gjera det same. Etter å ha gjort nokre justeringar (Sjå vedlegg), godkjente årsmøtet plana.

I tillegg til det som er nemnt i plana, vil ein òg ta sikte på å få til ein eller fleire konsertar, CD-innspeling og kurs både for laget sine medlemmar og for andre. Ein tenkjer her særleg på born og unge som kan tenkjast å bli med i laget etter kvart. På noko lengre sikt kan ein òg tenkje seg å få i stand ein tur med laget t.d. til Orknøyane eller ein anna plass der ein kan rekne med å bli godt motteken.

Årsmøtet vedtok at styret i lag med musikalsk leiar arbeider vidare med desse sakene.

SAK 6 KONTINGENT

Styret foreslo å heve kontingenten til 300 kr. Dette vart samrøystes vedteke.

SAK 7 BUDSJETT

Årsmøtet gjev styret fullmakt til å utarbeide budsjett for 2010, og elles vera forsiktig med pengane.

SAK 8 VAL

Helge Husby la fram valnemnda sitt framlegg. Årsmøtet slutta seg til framlegget samrøystes og utan endringar.

Dette gav følgjande resultat:

Leiar Magnar Almberg (1 år som leiar, 2 år som medlem av styret)

Styremedlem Rolf Holte og Solveig Sandvik (Begge for 2 år)

I tillegg sit Peder Hønsvik og Arnstein Brevik eitt år til.

Vara til styret: Hilde Bergfald (2 år)

Jon Grimsmo har eitt år att.

Revisorar: Torstein Hamnes og Arve Heggdal (Begge for 1 år)

Utsending til årsmøtet i Møre og Romsdal Folkemusikklag: Rolf Holte

Valnemnd: Helga Eikrem og Helge Husby

Møtet slutt kl. 1820

AB ref

Jon Grimsmo /s/

Åsta Andreassen /s/